

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Gota 16
6823 SANDANE

Driftsstønad til institusjonar / organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett 2020

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2020 i møte 17.12.2019, sak 14/2019 og har tildelt Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane eit driftstilskot for 2020 på

kr 15.681.750,-

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til avdeling for Kultur, idrett og inkludering.
- Dersom drifta vert vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- Dei regionale kulturplanane for tidlegare Sogn og fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgd.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/> Sjekk at de brukar Vestland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

RAPPORTERING

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år. Dersom årsrekneskap og årsmelding for 2019 ligg føre innan søknadsfristen 1. april 2020, ber vi dykk legge desse med som vedlegg til søknaden.

UTBETALING

Om ikkje anna er avtalt vert tilskot betalt ut i løpet av 2.kvartal. Når det gjeld tilskot på meir enn 1 million skjer utbetaling 2 - 4 gongar årleg.

KLAGE

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak, då det ikkje er enkeltvedtak og årsbudsjettet er bindande jf. Kommunelova (§ 46 og § 47). Forvaltningslova § 28 omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Budsjettvedtak er ikkje omfatta av dette. Eventuell klage på budsjettvedtak skal likevel vurderast og handsamast, og det skal fattast eige vedtak om t.d. avvising av klagen i avgjersorganet.

Det vert elles vist til Fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2020 i politisk sak 14/2019:
<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=22&sourceDatabase=>

SØKNAD FOR 2021

1. januar 2020 vart Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune. For 2021 må det søkast om driftstilskot frå Vestland fylkeskommune.

Søknad om fylkestilskot for 2021 skal sendast Kultur, idrett og inkludering innan **1. april 2020**.

Elektronisk søknads/registreringsskjema som vert tilgjengeleg på <https://www.vestlandfylke.no/> skal nyttast. Her vil det bli lagt ut ytterlegare opplysningar om søknadsprosessen. Vi vil oppmoda om at de vitjar nettsida i god tid før søknadsfrist.

Alle søkjarar må nytta gjeldande portal.

Søknaden vert handsama i budsjett 2021. Eit driftstilskot til ein einskildorganisasjon/-institusjon over fylkeskommunen sitt kulturbudsjett er ein eigen post i det årleg vedtekte totalbudsjettet. Ein søknad om støtte vert difor ein del av den totale budsjettprosessen. Endeleg budsjettvedtak vert gjort av Fylkestinget for Vestland fylkeskommune i desember 2020. Vedteke budsjett vert også lagt tilgjengeleg på nettsidene våre.

Vestland fylkeskommune vil ha ei rekkje tilskotsordningar retta mot kunst- og kulturlivet. For meir informasjon om dette, sjå www.vlfk.no

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

David J. Sandved
Seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift